



GJESTEBOD

Ny kommuneplan - samfunnsdel

Vi ønskjer innspel til arbeidet med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen har ein tidshorisont fram mot 2032.

Målgruppa er ungdom og unge vaksne i alderen 16-ca 30 år. Mange i målgruppa bur og studerer andre stadar og har difor ikkje høve til å delta på folkemøta. Gjennom gjestebod får deltakarane høve til å fremme si meining om saker dei er direkte engasjerte i og som får konsekvensar for dei sjølve.

Gjestebod-verten sin oppgåver:

INVITER

Her er forslag til kort invitasjonstekst som du kan sende til gjestene dine. Skriv gjerne om teksta med dine eigne ord. Inntil 8 deltakarar er passeleg.

Hei

Eg har sagt ja å vere vert for eit gjestebod. Bygland kommune skal lage ny kommuneplan og ønskjer innspel frå deg og meg. Kommuneplanen seier noko om kva vi ønskjer for framtida. Kva draumbilete har vi for framtida? Vi er oppfordra til å spele inn det vi brenn for. Bygland kommune vil samle alle innspela og bruke dei i arbeidet med å lage ny kommuneplan. Håpar du vil kome (stad, dato og klokkeslett). Eg byr på enkel servering.

ARRANGER

Du vel sjølv kva du vil servere gjestane dine. Hugs at det gjerne kan vere enkel servering.

Kva skal vi prate om?

Nedanfor er overskriftene for samtalanene. Jobb med ei overskrift om gongen. La gjerne alle gjestane få tenke seg litt om et par minutt før dykk deler med kvarandre. Som vert er det fint om du fortløpande skriv ned nokre notat frå samtalanene. Da er det lettare å samanfatte etterpå.

- Korleis blir Bygland ei framtidsretta og god kommune å bu og vakse opp i om 12 år?
- Korleis forsterkar vi heile kommunen sin attraktivitet og tiltrekkingskraft mot 2032?
- Korleis skal Bygland bli meir klima- og miljøvenleg?

SEND SVAR

På gjestebodet hos meg vart følgjande framtidstankar for Bygland trekt fram av ein eller fleire av oss:
.....

Svar gjerne kort og maks to sider. Hugs å få med kor mange dykk var, alder, kjønn og postnummeret til deltakarane. Send svaret til sonja.skjevrak@bygland.kommune.no seinast **31. desember 2019**. Merk e-posten med "Ny kommuneplan-gjestebod".

Hjelpespørsmål til temaa

Hjelpespørsmåla er ikkje utfyllande, men kan bidra til å kome i gang med diskusjonen.

- **Korleis blir Bygland ei framtidsretta og god kommune å bu og vakse opp i om 12 år?**
 - Korleis legg vi til rette for at alle trivst og lever godt i kommunen?
 - Kva for møteplassar har vi i 2032?
 - Bur vi i heile kommunen eller er vi samla rundt nokre sentra i 2032?
 - Korleis kan vi får til ei berekraftig tettstadutvikling?
- **Korleis forsterkar vi heile kommunen sin attraktivitet og tiltrekkingskraft mot 2032?**
 - Kva for type arbeidsplassar har vi?
 - Kva er det som gjer Bygland attraktiv?
 - Kor arbeider dei som bur i Bygland?
 - Korleis kan Bygland legge til rette for kompetansesarbeidsplassar?
- **Korleis skal Bygland bli meir klima- og miljøvenleg?**
 - Korleis kan Bygland utnytte potensialet i det grønne skiftet¹/innan bioøkonomi²?
 - Korleis skal vi skape vekst utan det går på kostnad av natur og miljø?
 - Kva for transportmiddel og –moglegheiter nyttar vi i 2032?

¹ Ein endringsprosess som handlar om å auke verdiskapinga med mindre samla miljøpåverknad og utslepp

² Verdiskaping basert på berekraftig utnytting av fornybare biologiske ressursar